

Eit dilemma om lemma

Sturla Berg-Olsen & Daniel Gusfre Ims

This article discusses different criteria for classifying related word forms either as separate lemmas or as variant forms with equal status in one dictionary entry. The question of which of these two solutions should be chosen is especially relevant for Norwegian, as the official orthography of the two Norwegian written standards in a large number of cases defines two or more spellings as equally correct forms of the same word. We examine three principles put forward in 2011 by the committee responsible for a revised orthography of Nynorsk, showing that these principles, if followed by the letter, could lead to the establishment of a large number of separate, but otherwise parallel, entries. To address this issue a revised principle was passed in 2019 by the advisory board for orthography under the auspices of the Language Council of Norway.

1. Lemma og variantformer

Nordisk leksikografisk ordbok definerer *lemma* som «uttrykkssiden hos det språklige tegn som en ordboksartikkel innledes med» (Bergenholtz et al. 1997:172). Ein ser altså for seg at kvar artikkel omhandlar eit (abstrakt) språkleg teikn, og lemmaet er ei form som har uttrykksside og som blir brukt som oppslagsform i artikkelen. Noko denne definisjonen ikkje nemner, men som dei fleste vil vere kjende med, er at ein artikkel stundom kan innleiast med meir enn éi form. Døme på dette vil bli gjevne nedanfor.

I alle ordbokprosjekt må ein gjere ein del prinsipielle val når det gjeld lemma-status. Gjeve at ein har eit sett ord eller ordformer som deler visse trekk, må ein ta stilling til om dei skal reknast som ovringar av eitt og same språklege teikn eller som ovringar av separate språklege teikn. Det er mogleg å setje opp ei rekke ulike kriterium for lemmastatus; Svensén (2009:96–101) nemner fleire slike kriterium, mellom anna desse tre (her attgjevne med vår eigen ordlyd):

- **Semantikk:** Ulike former som har same tyding(ar) eller klart nærskylde tydingar, blir rekna som variantar av same lemma.
- **Etymologi:** Ulike former som har sams historisk opphav, blir rekna som variantar av same lemma.
- **Grammatikk:** Ulike former som har same tyding(ar) og sams historisk opphav, blir rekna som variantar av same lemma om dei òg har same grammatiske eigenskapar.

I dei fleste tilfelle fell desse kriteria saman, og det byd på få problem å identifisere kva som skal reknast for variantar av eit lemma og dermed behandlast i same ordbokartikkel. Eit eksempel er formene *kviss* og *quiz* i norsk (nynorsk og bokmål): Dette er to ulike skrivemåtar av det som er eitt og same ordet etymologisk sett. Det knyter seg ikkje ulike tydingar til dei to formene, og dei har eksakt same grammatiske eigenskapar. I norske rettskrivingsordbøker finn ein konsekvent *kviss* og *quiz* i same artikkel, som valfrie og jamstilte variantformer. Eit lemma av denne typen, med to variantformer, kan òg kallast eit *di-lemma*. Slike di-lemma finn ein i ordbøker for dei aller fleste språk, men dei er nok spesielt hyppige i ordbøker over bokmål og nynorsk, der ein òg kan finne artiklar med mange fleire enn to jamstilte variantformer.

Eit anna og mindre klart eksempel er formene *heim* og *hjem* i bokmål. Vi kan vurdere dette paret ut frå dei tre nemnde kriteria for lemmastatus henta frå Svensén:

Semantikken til dei to formene er i hovudsak overlappande; *heim* tyder ikkje noko anna enn *hjem* om ein analyserer korleis formene blir brukte i bokmål. Ein del språkbrukarar vil nok knyte litt ulike stilvalørar til dei to formene, og det er truleg at somme vil kunne bruke begge orda etter visse kriterium som dels knyter seg til tyding. Om vi tillèt oss å sjå litt stort på det, kan vi likevel rekne *heim* og *hjem* som synonyme.

Etymologisk sett kan ein diskutere i kva grad dei to formene har same opphav. Nøkkelspørsmålet er korleis ein bør definere «same opphav» i saker som dette. *Heim* er nedervt frå norrønt *heimr*, medan *hjem* har opphav i dansk, som jo er del av grunnlaget for dagens bokmål. Slik sett kan ein seie at formene har opphav i ulike språk. Går ein lenger tilbake i tid, er det klart at norrønt/gammalvestnordisk og dansk har eit sams opphavsspråk. Ein kan likevel med rette spørje seg om det er rimeleg å rekne eit såpass fjernt fellesstadium som «sams opphav».

Svenséns *grammatiske* kriterium talar klart imot å rekne *heim* og *hjem* som ovringar av eitt og same språklege teikn – dei har ulike genus og ulik bøyning, og såleis ulike grammatiske eigenskapar.

Kvar ordbok og ordliste som tar mål av seg til å spegle den offisielle rettskrivingsnorma for bokmål, vil trass i det som er nemnt ovanfor, føre opp *heim* og *hjem* som variantformer i same artikkel. Den direkte årsaka til dette er å finne i det vi vil leggje til som eit sjølvstendig kriterium:

- **Normstatus:** Ulike former som rettskrivingsnorma definerer som valfrie, blir rekna som variantar av same lemma.

Det er lang tradisjon for å føre slike valfrie former som variantformer, og i praksis ser det ut til at dette fjerde kriteriet veg tyngre enn dei tre kriteria til Svensén – eller i alle fall at det kan vege opp for at eit eller to av dei første tre kriteria ikkje er oppfylte. Hovudmotivasjonen for at ein fører *heim* og *hjem* (og *melk* og *mjølk*, *hval* og *kval*, *selv* og *sjøl* osv.) som variantar, er eit ønske om å vise fram

den valfridommen som finst i norma. Det gjeld både bokmål og nynorsk, sjølv om eksempla her alle er frå bokmål. Det er elles verdt å merke seg at former som i norma er definerte som valfrie, per definisjon må vere med i offisielt godkjende ordbøker. Ei bokmålsordbok som har artikkel på *hjem*, men ikkje nemner at *heim* er eit fullverdig alternativ til *hjem*, vil ikkje kunne få godkjenning til bruk i skolen. Om dei to formene hadde vore definerte som separate lemma, hadde det vore ei anna sak, for utvalet av lemma i ei ordbok er ikkje regulert av normeringsmyndigheitene. Lemmalista er det leksikografane sjølve som set opp etter dei kriteria dei finn føremålstenlege.

2. Prinsipp om to oppslagsord i arbeidet med 2012-rettskrivinga for nynorsk

Den siste store rettskrivingsreforma for nynorsk blei vedteken i 2012 (den siste store for bokmål var i 2005). Innstillinga frå rettskrivingsnemnda blei lagd fram i 2011 i dokumentet *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet* (Riise et al. 2011). Her tok nemnda til orde for å dele fleire oppslagsord med to eller fleire variantformer i ulike artiklar. Nemnda la visse prinsipp til grunn for denne oppdelinga:

Orda bør oppfattast som separate ord og ikkje som formvariantar når:

- dei har (til dels) ulikt semantisk innhald (døme: lut: pengeinnskot; aksje; del / lott: del av fortene)
- dei har opphav i ulike språk (døme: bok f. (om tre, frå norrønt) / bok m. (frå dansk))
- dei har ulik bøyning (døme: drynja dryn, drunde [drunte], drunt [drund] / drønna drønner, drønte, drønt)

[...] Når nemnda har vurdert om ord skal først opp som ordvariantar eller eigne oppslagsord, har ho teke omsyn til skriftbilete, tyding og bøyingsmønster i vår tid. Nemnda har ikkje primært sett på etymologi.¹ (Riise et al. 2011:42)

Framlegga frå rettskrivingsnemnda blei vedtekne i 2012, og med det blei det òg vedteke for 58 ord at dei skulle først som to oppslagsord. Sjølv om kriteria nemnda la til grunn i grunngjevinga si, ikkje høyrer med til sjølve rettskrivingsvedtaka, vil vi i det følgjande drøfte kva følgjer oppdelingane fekk for *Nynorskordboka*, og kva følgjer det vil kunne få om kriteria blir følgde i arbeidet med både *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* framover.

¹ I eit tidlegare utkast (februar 2011) var òg dette med: «Her skal helst fleire av kriteria verka samstundes, men eit minimumskrav er at to av dei er dekte».

2.1. Semantikkriteriet (ulik tyding)

Det å føre ord med ulike tydingar som separate oppslagsord er langt på veg sjølv-sagt. Det har vore lagt til grunn som eit ibuande prinsipp i rettskrivingsordbøkene tidlegare òg, slik at ord av same opphav skil lag som ulike oppslagsord når det lèt seg gjere å identifisere éi eller fleire bitydingar der berre éi av formene er, eller kan tenkjast å vere, i bruk.

I utgangspunktet må det vere ei sak for leksikografien og ordbokredaksjonen å avgjere når det er grunnlag for ulike oppslagsord. Men det finst gråsoner, og særleg for bokmål ville det kunne få tydelege normeringskonsekvensar om ein legg stor vekt på semantikkriteriet i føringa av det som nå er jamstilte former (jamfør drøftinga av *heim/hjem* over).

2.2. Etymologikriteriet (opphav i ulike språk)

Sjølv om etymologikriteriet er eit av hovudkriteria hos Svensén (2009), har dei norske rettskrivingsordbøkene før 2012 ikkje lagt dette til grunn for å skilje mellom former av norsk og dansk opphav. I rettskrivingsinnstillinga er det i mange tilfelle ikkje gjort greie for kva kriterium som er lagde til grunn for kvart lemma som skal splittast i to oppslagsord, og det er heller ikkje heilt klart om høvesvis dansk og norrønt opphav er rekna som ulikt opphav. For *bok/bøk* står norrønt og dansk som ulikt opphav, mens det om *drynje/drønne* står følgjande: «Dei har same opphavlege tyding og *same etymologiske opphav*, ved at det eine kjem frå norrønt og det andre truleg frå dansk.» (Riise et al. 2011:42, vår utheving.)

Vi har to hovudinnvendingar mot å rekne dansk eller norrønt opphav som eit tilstrekkeleg kriterium for å splitte lemma med variantformer. For det første vil ein i mange tilfelle få artiklar som er heilt identiske i ordforklaringane og bruksdøma. Slik ser artikkelen for *bok* (treet) ut i *Nynorskordboka* i dag:

II **bok** f. (norrønt *bók*; same opphav som *I bok*)

1 (tre av) slekt i bøkefamilien; *bøk*; *Fagus*

2 ved, vyrke av *bøk* (1)

Bøk har separat artikkel, men han er heilt parallell med artikkelen for *bok*:

bøk m1 (norrønt *bók*; same opphav som *I bok*)

1 (tre av) slekt i bøkefamilien; *bok* (II,1); *Fagus*

2 ved, vyrke av *bøk* (1)

Problemet med dette i eit rettskrivings- og brukarperspektiv er at det ikkje kjem tydeleg fram at det er heilt valfritt i rettskrivinga å bruke den eine eller den andre forma (jamfør *kviss/quiz*, som er ført som eitt oppslagsord).

For det andre vil det i særskilt mange tilfelle ikkje vere lett å slå fast om ei form i dagens norsk har opphav i norrønt eller dansk. For det nemnde verbparet *drynje/drønne* er det enkelt å slå fast at *drynje* har opphav i norrønt, og at *drønne* har eit dansk motsvar *drøne*. Samtidig er *drønne* ei heilt endefram lydutvikling i mange norske dialektar. Dette ser vi tydelegare om vi jamfører med andre liknande verbpar som *grysje/grøsse* og *gryppe/grøppe*. Til det første ordparet kan vi finne ein dansk parallell i det danske *grysse*, som er rekna som dialektalt i *Ordbog over det danske Sprog*. Til det andre finn vi eigentleg ikkje nokon dansk parallell i det heile. Det er følgjeleg rimeleg å meine at fleire av desse parallellformene i nynorsk helst må reknast å ha opphav i ulike variantar av norsk utvikla frå norrønt.

2.3. Grammatikkriteriet (ulik bøyning)

Ulik bøyning ser ut til å ha vore det kriteriet som oftast låg til grunn i dei tilfella der rettskrivingsnemnda i 2011 fremja å splitte oppslagsord. Det gjeld til dømes fleire verbpar som *drynje/drønne*, der *drynje* har kortform i presens og vokalveksling frå presens til preteritum og perfektum (*drynja/drynje – dryn – drunde – har drunt*), mens *drønne* er eit regelrett svakt verb som kan bøyast både som a-verb (*drønna/drønne – drønna – har drønna*) og e-verb (*drønna/drønne – drønner – drønte – har drønt*).

I eit rettskrivings- og brukarperspektiv meiner vi det òg er problematisk å splitte mange variantformer i ulike oppslagsord etter grammatikkriteriet aleine. Igjen ser vi at vi vil måtte få mange identiske artiklar. Slik ser dei to artiklane for *grysje* og *grøsse* ut i *Nynorskordboka* i dag:

grysje verb (samanheng med *II grue* og *II grus*)

- brått skjelve eller kulse i kroppen
- grysje av uhyggje, skrekk / grysje ved tanken*
- upersonleg:
- det grys i meg*

grøsse verb, v1, v3 (samanheng med *II grue* og *II grus*)

- brått skjelve eller kulse i kroppen
- grøsse av uhyggje, skrekk / grøsse ved tanken*
- upersonleg:
- det grøsser i meg*

I tillegg til at det ikkje kjem fram for ordbokbrukarane at det er valfritt å skrive *grysje* eller *grøsse* (med tilhøyrande bøyingsmønster), vil det å rekne slike verbpar som ulike lemma òg gjere det til eit reint redaksjonelt val kva ord som blir med i ei ordbok eller i ei ordliste. Ordlistar og ordbøker som viser den offisielle rettskrivinga, skal ha med alle valfrie rettskrivingsvariantar av eit oppslagsord.

Men det er opp til den enkelte redaksjonen kor mange og kva ord som skal vere med. Med andre ord vil ein utstrekt bruk av grammatikkriteriet potensielt kunne føre til at mange former som er vedtekne som gjeldande rettskriving, ikkje blir viste fram.

3. 2012-kriteria praktiserte for bokmål

Sjølv om 2012-reforma berre galdt nynorsk, meiner vi dei same kriteria for kva ein reknar som variantformer, bør liggje til grunn for bokmål og nynorsk. Ikkje minst gjeld dette for *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, som vender seg til den same norske allmenta, og som av brukarane blir oppfatta som tvillingordbøker eller som éin ressurs med to delar (Rauset 2019). Om vi hadde lagt etymologikriteriet, slik det var formulert i innstillinga frå 2011, til grunn for oppføring av oppslagsord i *Bokmålsordboka*, ville ei rekkje former som i dag er variantformer, blitt omgjorde til ulike oppslagsord. Særs mange ord i bokmål ovrar seg i variantpar, der den eine forma har opphav i dansk og den andre i norsk folkemål (frå norrønt). Nokre døme er *brott/brudd*, *bu/bod*, *fjøl/fjel*, *fram/frem* og *grein/gren*. Desse formene har eit sams etymologisk opphav (lenger tilbake), men likevel opphav i det vi reknar som ulike språk.

Grammatikkriteriet, ulik bøyning, ville òg vere relevant for særs mange ord i bokmål, dersom ein praktiserte det i vid tyding. I ytste konsekvens kunne ein til og med argumentere for å splitte opp par på bakgrunn av formvariasjon som *hoppa/hoppet*, *bygde/bygget*, *boka/boken* og *dyra/dyrene* (men i praksis er det vel få eller ingen som vil gå inn for dette).

Følgjeleg vil anten etymologikriteriet eller grammatikkriteriet kunne gjelde dei aller fleste oppslagsorda som har variantformer i *Bokmålsordboka*. I ein stor del av tilfella er det tale om både ulikt opphav og ulik bøyning.

Innvendingane våre i 2.2 og 2.3 mot ein praksis som fører til ei lang rekkje heilt parallelle artiklar, usynleggjering av valfridomen i rettskrivinga og i verste fall utelating av variantformer (som blir rekna som lemma), blir etter vårt syn vel så relevante for bokmål og bokmålsordbøker som for nynorsk og nynorskordbøker.

4. Reviderte prinsipp

Som vist over er det fleire uheldige sider ved dei prinsippa som rettskrivingsnemnda i 2011 sette opp og brukte som rettesnor for splitting av ei rekkje ordartiklar i nynorske ordbøker og ordlister. Av spørsmål som har kome inn til Språkrådets svarteneste, ser vi òg at denne føringsmåten i nokre tilfelle bryt med folks oppfatning av at det er snakk om to variantar av same ord. Ein spørjar skriv til dømes: «Kvifor står ikkje ”å venne” og ”å venje” saman som variantar av same ordet i

ordboka? Det verkar lite logisk på meg.» Eit anna aspekt ved prinsippa i Riise et al. (2011) er at dei stundom blir oppfatta som vedtekne reglar. Formelt sett er det ikkje rett, for da styret i Språkrådet og seinare Kulturdepartementet gjorde vedtak om den nye rettskrivinga for nynorsk i 2012, var det berre endringsframlegga i innstillinga dei vedtok, ikkje grunngevingane for desse framlegga. I praksis blir dei likevel gjerne oppfatta som bindande reglar.

På denne bakgrunnen og fordi spørsmålet om val av føringsmåte var høgaktuelt i samband med eit nyleg påbyrja prosjekt for å revidere *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, kom det i mars 2019 opp ei sak i Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon om reviderte prinsipp for skiljet mellom lemma og variantformer. Fagrådet vurderte det slik at rettskrivingsnemnda i 2011 hadde gode grunnar for å føreslå splitting av ein del ordbokartiklar, men at nemnda gjekk noko langt i formuleringa av etymologikriteriet og grammatikkriteriet (attgjevne i del 2 over). Om ein følgjer prinsippa i Riise et al. (2011) konsekvent, kan ein argumentere for å splitte svært mange artiklar. Det gjer at ein i mindre grad får vist fram valmoglegheitene som rettskrivinga gjev. Splitting fører òg til at utvalet av former i ordbøker og ordlister blir overlate til leksikografane, og konsekvensen kan bli at former som er meinte å vere rettskrivingsvariantar, ryk ut av ordbøkene utan at det er gjort noko vedtak om det av normeringsmyndigheitene. Som nemnt ovanfor vil det òg ha store potensielle konsekvensar om prinsippa frå 2011 skulle leggjast til grunn i bokmål (sjølv om rettskrivingsnemnda rimeleg nok ikkje hadde dette i tankane da ho formulerte prinsippa). Fagrådet gjorde dette vedtaket i saka:

Jamstilte former med hovudsakleg same tyding og same etymologiske opphav (eller nærskyldt opphav) bør i Bokmålsordboka og Nynorskordboka reknast som variantformer av same oppslagsord, i samsvar med rettskrivingstradisjonen for bokmål og nynorsk. (Språkrådet 2019:6)

Vedtaket innebar ei delvis reversering av dei prinsippa som blei formulerte i 2011, men det blei presisert at reversering av sjølve vedtaka om splitting av visse artiklar må vurderast frå tilfelle til tilfelle, og mange av dei splitta artiklane vil etter alt å døme bli ståande. Mest aktuelt vil det vere å gå tilbake til føring i éin artikkel for verbpar som *venne/venje*, *drynje/drønne* og *gryse/grøsse*.

Rettskrivingsnemnda av 2011 hadde sjølv sagt rett i observasjonen om at «[f]ramtidige ordlister og ordbøker toler mykje større ordtilfang og fleire ordartiklar enn dagens ordlister, fordi dei i stadig større grad blir digitale» (Riise et al. 2011:42). Å splitte tidlegare di-lemma er i mange tilfelle på sin plass, særleg der det faktisk er skilnader i tyding eller stilistikk som ein best kan yte rettferd ved å behandle variantformene kvar for seg. Men å føre rettskrivingsvariantar separat i elles heilt parallelle artiklar har lite for seg sjølv i ei elektronisk ordbok der plassomsyn ikkje spelar inn.

Litteratur

Ordbøker

Bergenholtz, Henning, Ilse Cantell, Ruth Vatvedt Fjeld, Dag Gundersen, Jón Hilmar Jónsson & Bo Svensén: *Nordisk leksikografisk ordbok* (1997). Oslo: Universitetsforlaget.

Bokmålsordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen. <ordbok.uib.no> (november 2019).

Nynorskordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen. <ordbok.uib.no> (november 2019).

Ordbog over det danske Sprog. Det Danske Sprog- og Litteraturselskab. <www.ordnet.dk/ods/> (november 2019).

Annan litteratur

Rauset, Margunn (2019): *Bokmålsordboka og Nynorskordboka – einægga, toegga eller siamesiske tvillingar? I: LexicoNordica* 26, 155–175.

Riise, Grete et al. (2011): *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet*. Oslo: Rettskrivingsnemnda for nynorsk og Språkrådet. <www.sprakradet.no/upload/Rettskrivingsnemnda/Innstilling%20nynorsk.pdf> (november 2019).

Språkrådet (2019): *Referat frå møte i fagrådet for normering og språkoobservasjon 6. mars 2019*. Upublisert.

Svensén, Bo (2009): *A Handbook of Lexicography. The Theory and Practice of Dictionary-Making*. Cambridge: Cambridge University Press.

Sturla Berg-Olsen
seniorrådgjevar, dr.art.
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo
sturla.berg.olsen@sprakradet.no

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef, cand.philol.
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo
daniel.ims@sprakradet.no